

## Til ordførarane i Lindås, Meland og Radøy

De har alle takka ja til å delta i paneldebatt 17.08.2015 i regi av mållaga i Nordhordland. Dette er me takksame for.

Tema for debatten er, som de veit, kva konsekvensar ei kommunesamanslåing har for språkforma i administrasjon, kultur, skule og næringsliv i ein eventuell ny storkommune.

Her er nokre problemstillingar de kan vurdere å svare på:

- Kva vurderingar har du gjort om administrasjonsspråk i ein eventuell ny storkommune?
- Korleis ser du at språk har ein verdi i ein eventuell ny storkommune?
- Korleis ser du for deg å kvalitetssikre og styrkje ei god språkform på alle område i ein eventuell ny storkommune?

Kvar av dykk får ca. 5 minutt til å legge fram sine synspunkt. Debattleiar er Asbjørn Kristoffersen, kommentator i BT.

Med vyrdnad

Meland Mållag

Radøy Mållag

Alversund Mållag

Lindås Mållag

Ostereidet Mållag

